

Strikke-innsput for 25

30.03.2011



25 strikka i Gamleskulen i kveld

Rundt 25 ivrige strikkarar har vore innom Gamleskulen ikveld under det som truleg var den siste strikkekafeen i denne sesongen, Det er initiativtakar Jane Haaranes godt fornøgd med. I flokken har det vore folk som ikkje har vore innom strikkekafeen før og det har også vore nokon frå andre bygder.



Sigunn Antonsen hadde garnsalet denne kvelden

Ein av dei som strikka var frå Lyngstrand og kveldens 'garndame' var frå Sunde. Det var Sigunn Antonsen, som har sal av Sandnes-garn som ein bijobb og som også har vore ein gong før på strikkekafe her i bygda. Sidan sist ho var her har ho også vore innom Omvikdalen med garnet sitt. Der har die og strikkekafe, men ikkje så ofte som i Uskedalen. - Det er kjekt å vera på strikkekafe, sa Sigunn, som ikkje fann nokon grunn til å klaga på omsetnaden.

Det gjorde heller ikkje Selma Eik og Berit Harriet Døssland som sørga for at damene fekk ein kaffeskvett og noko å bite i. Men vi gjentar eit spørsmål vi har stilt før: Kor er mannfolka?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.